



VELKOMEN TIL ELEV- OG FORELDREMØTE FOR VG2

Eit godt samarbeid mellom heim og skule er viktig for at elevane skal trivast på skulen og ha god fagleg utvikling. Samarbeidet kan skje gjennom møter skulen inviterer til, og/eller ved at elev eller foreldre tek kontakt med skulen til andre tidspunkt. No er det tid for eit møte for Vg2-trinnet, og vi inviterer difor elevar og foreldre til møte og samtaler.

ONSDAG 23.JANUAR KL 18.30 – 21.30

- Fellesorientering ved rådgjevarane på skulen.
Informasjon om studie- og yrkesorienteringa, og kvar ein kan finne meir informasjon om dette. **Same** orienteringa blir gitt to gonger: **kl 18.30 og kl 19.30 på personalrommet i 2. etasje.** Orienteringa varer ca 30 min.
- Individuelle samtaler med kontaktlærer, andre faglærarar, rådgjevarar og skuleleiinga.
De må setje dykk opp på listene til faglærer/kontaktlærer med klokkeslett. For at me skal vite kor mange som vil samtale med dei einskilde faglærarane, ber me om at de **fyller ut slippet nedanfor, og leverer til kontaktlærer innan tysdag 15.januar 2018.**

Det blir kaffe/te og høve til ein uformell prat på personalrommet i 2.etasje.

Med venleg helsing

Grete Golberg
rektor

✂.....

Eg/ me kjem på foreldremøtet :

Ja

Nei

Ynskjer samtale med kontaktlærer: Ja Nei

Andre faglærarar:

.....

.....

namnet til eleven

klasse

foreldre/føresette